



LEIRSKULEOPPHALD ELLER ANNAN SKULETUR I GRUNNSKULEN

Bakgrunn

Stortinget har vedteke endring i opplæringslova som gir elevane i grunnskulen rett til leirskuleopphald eller anna skuletur med minst tre overnattingar i samanheng:

Opplæringslova § 13-7 b

Plikt for kommunen til å tilby leirskoleopphald eller annan skoletur

Kommunen skal som ein del av grunnskoleopplæringa tilby elevane leirskoleopphald eller annan skoletur med minst tre overnattingar i samanheng.

Midlar til leirskule eller annan skuletur vert tildelt skulane etter talet på elevar på 7. årssteg. Barneskulane står likevel fritt til å gjennomføre skuletur på anna årssteg viss ein finn det formålstenleg.

1. – 10. skular står på same måte fritt til å gjennomføre skuletur på det årssteget ein finn mest tenleg.

I 2019 får skulane tildelt om lag kr 3000,- pr elev på 7. årssteg.

Gratisprinsippet

Den lovfesta plikta kommunen har til å tilby leirskuleopphald eller annan skuletur er ein del av grunnskuleopplæringa, og skal vere gratis. Turen skal vere inkluderande, slik at alle elevar kan delta på lik linje, uavhengig av økonomisk bakgrunn.

[Udir: Gratisprinsippet](#)

Sektor for oppvekst

August 2019